

Ryfylkealliansen  
Ryfylke IKS  
Næringsforeningen i Stavanger-regionen  
i samarbeid med Stavanger kommune  
og medspelarane **Sparebanken Norge** og **Ryfylkefondet**



inviterer til

## Ryfylkekonferansen 2026

Ryfylkeøyane måndag 9. og tysdag 10. november

# Optimisme og modige satsingar

**Trøkk, vilje, fellesskap og nytenking. Sentrumsutvikling, offensivt landbruk, nye former for rekruttering og samarbeid. Samtidig må det vera godt nok kollektivtilbod og vilje til satsing på distrikta. Dette er nokre av stikkorda under Ryfylkekonferansen 2026. Gled deg til november! Me røper alt nå nokre høgdepunkt:**

### Måndag 9. november: (kl. 09 til 20)

- Øyhopping med Rygerelektra frå Sjarnarøyane i nord til Rennesøy i sør.
- Fogn: Fellesskap og satsingar i praksis. Velkomen til eit øysamfunn utanom det vanlege, med Naustet, butikken og pakkeriet i sentrum.
- Frå skuleskyss til hurtigbåtsatsing med Rødne og Helgøy Skyssbåt
- Korleis blir kollektivtilbodet i Ryfylke i framtida? Samferdselsministeren er invitert
- Både bygd og storby – Stavanger i skrevs eller naturleg hopehav?
- Kveite, kraft og kortreist mat
- Suldal + Stavanger = sant. Næringssatsing med felles mål.
- Festmiddag på Arena Utsyn med Ryfylkekokken, Pilt-Ola prisutdeling og Amerikareise i ord, tonar, film og glimt i auga.

### Tysdag 10. november på Arena Utsyn (kl. 09-15.30)

- Vinterlandbruksskulen, avløysarkurs og unge bønder i medvind
- Frå Aust-Europa til Vestlandet – vegene til å bli finnøybu
- Lønsamt landbruk, matkultursenter på Utstein og RyhubX på Tau
- Make sløyd great again
- Ung satsing på merkeklede ... frå Bergen og til Jørpeland
- Utdanning for unge og vaksne – in the RyfylkeWay

Programmet i sin heilskap blir lagt ut i månadsskiftet august/september. Men, me lovar eit mangfald av stemmer, spennande historier, korte innlegg, filmsnuttar, humørfylt stemning, god tid til drøs, søkk og kav med inspirasjon og aktuelle tema. På [påmeldingssida](#) kan du alt nå bestilla ekstratransport

### Transport

Arrangementet begge dagar er tilpassa hurtigbåtrutene i Ryfylke til/frå Judaberg + me set opp ekstrasbåtar, slik at det klaffar for alle. Dette gjeld **frå** Stavanger og Tau 9. nov morgon, samt **frå** Judaberg **til** Fister, Tau og Stavanger 9. nov kveld. Det gjeld også **frå** Judaberg 10. nov ettermiddag **til** Fister og Tau. Dvs. at det går båt i rute frå Fister begge morgonar, og i rute frå Tau 10. nov på morgonen. På påmeldingssida kan du alt nå bestilla ekstratransport. Klokkeslett og pris finn du også der. Til og frå Sauda/Suldal passar alt med båtar i rutetrafikk. Båtrutene finn du her: [510-stavanger-ryfylke.pdf](#)

## Overnatting

Mange vil ha med seg begge dagar og fleire har lyst å overnatta.

De kan overnatta på Arena Utsyn – bestill direkte: [Overnatting — Utsyn](#)

Eller Sjøberg Ferie på Rennesøy – direkte [her](#)

NB: Me ordnar transport måndag kveld frå Utsyn til Sjøberg, og tilbake tysdag morgon. Gje beskjed til oss om du treng transport.

## Prisar

Det er mogleg å melda seg på alt nå: [Påmelding](#). Earlybird-pris for begge dagar, for alle som melder seg på innan 20. august: 2 000 kroner. Pris etter 20. august: 2500 kr.

Pris for ein dag:

- Måndag 9. nov: 1 960 kr
- Tysdag 10. nov 860 kr

Prisane er ekskl. mva og gjeld for medlemmer i Ryfylkealliansen og Næringsforeningen i Stavanger-regionen.

For å få rabatt må medlemmer i Ryfylkealliansen skriva inn i feltet «Rabattkode»:

- ALLIANSEN for heile konferansen
- ALLIANSENDAG1 for berre måndag
- ALLIANSENDAG2 for berre tysdag

Hugs store bokstavar. Sjå påmeldingsskjema for prisar for ikkje-medlemmer.

## Bli medlem? Eller spørsmål om konferansen?

Ta kontakt med

Egil Hollund

[hollund@naeringsforeningen.no](mailto:hollund@naeringsforeningen.no)

992 93 700

Tor Øyvind Skeiseid

[tor@ryfylkelivsgnist.no](mailto:tor@ryfylkelivsgnist.no)

982 06 333

Ryfylkekonferansen blir arrangert av Ryfylkealliansen, Ryfylke IKS og Næringsforeningen i Stavanger-regionen, i nært samspel med Stavanger kommune. Sparebanken Norge og Ryfylkefondet er våre hovudsamarbeidspartnar. I tillegg har me med oss fleire andre gode medspelarar.

